

Innkalling til møte i felles programstyre for lektorutdanninga Møte 2 2024

Tidspunkt: 21. mars 2024, kl. 09.00 - 11.00

Møtestad: Langesgate 3

Forslag til dagsorden:

I Godkjenning av innkalling og dagsorden

II Godkjenning av protokoll frå møtet 23. januar

Protokollen er sendt ut.

Vedtakssaker

Sak 13/24 Oppfølging av emneplanar for praksis i ny modell
Notat frå lektorsenteret

Sak 14/24 Universitetskuleavtalar
Notat frå lektorsenteret

Orienteringssaker

Sak 15/24 Vidare oppfølging av redesign i lektorutdanninga
Notat frå lektorsenteret

Sak 16/24 Søkornmidlar
Munnleg orientering

Sak 17/24 Årsrapport frå praksisutvalet
Notat frå lektorsenteret

Sak 18/24 Lektorutdanningskonferansen 2024
Notat frå lektorsenteret

Sak 19/24 Lærernes dag 2024
Notat frå lektorsenteret

Sak 20/24 Sondering kring *politikk og forvaltning* som fag to ved HF
Notat frå lektorsenteret

Sak 21/24 Skuleretta KI-samarbeid med VLFK
Notat frå lektorsenteret

Sak 22/24 Arbeid med nye nasjonale retningslinjer for 5LU og PPU
Notat frå lektorsenteret

- Sak 23/24 Halvdagsseminar om etter- og videreutdanning**
Notat frå lektorsenteret
- Sak 24/24 Nytt lokale for lektorsenteret**
Munnleg orientering
- Sak 25/24 Eventuelt**
Notat frå lektorsenteret

Sak 13/24 **Oppfølging av emneplanar for praksis i ny
modell**
Notat frå lektorsenteret

Vedtakssak

Notat

Til: Felles programstyre for lektorutdanninga

Møte: 21. mars 2024

ephorte: 24/30

Bakgrunn

7. desember 2023 handsama felles programstyremøte sak 62/23, *Emneplanar for praksis i ny modell*, og programstyret vedtok revidert framlegg til vedtak med dei merknadane som kom fram i møtet.

Blant merknadane som skulle følgjast opp var:

1. Ev. justering av tittel på kampuspraksisdag 1, Mobbing
2. Kampuspraksisdag 2; Lektorsenteret går i dialog med IF og LLE om denne dagen når det gjeld innhald, form og ansvar. Eventuelt justert versjon blir send til felles programstyre på sirkulasjon.
3. Emneplan for langpraksis 1 og 2; Spørsmål om formuleringar knytt til avsnitt om praksisvurdering under deloverskrift om undervegsvurdering.
4. Det må lagast eigne emneplanar for KP5 og KP8 for MN.
5. Lektorsenteret lagar ein totaloversikt over plassering av KP-dagane i studieløpet, i semesteret og innhald/ansvar. Fakulteta får brev.
6. Lektorsenteret utarbeider notat om utgifter knytt til drift og gjennomføring av kampuspraksisdagar.
7. Lektorsenteret lyser ut såkornmidlar til utvikling av kampuspraksisdagar.

I tillegg bør det faglege ansvaret for realisering av innhaldet av kvar enkelt kampuspraksisdag bli synleggjort i emneplanane (sjå også tabell med oppfølgingpunkt i sak 15/24).

Oppfølging

1. Ev. justering av tittel på kampuspraksisdag 1, Mobbing

I dialog mellom fagleg praksiskoordinator og Institutt for pedagogikk er det vurdert at tittelen ikkje skal endrast.

2. Kampuspraksisdag 2

Lektorsenteret har vore i dialog med HF, v/IF og LLE om denne dagen (sak 2022/2420, jp 26) og har fått tilsendt framlegg om ein revidert tittel og emneplan for KP DAG2 (sjå vedlegg 1). HF skriv bl.a. at:

«IF er innstilt på å ta ansvaret for KP DAG2, med formell ansvarsdeling med LLE, *men òg med bidrag frå andre aktørar med ekspertise på felta der institutta ikkje har det sjølv*. Slik vi forstår det, er dette ein mogleg løysing der ein òg kan hente ressursar frå det sentrale praksis-budsjettet.»

«Det er difor foreslått at det vert oppretta ei referansegruppe med medlemmar frå skulen, som kan vere rådgjevande for innhaldet i KP DAG2. Medlemmer frå gruppa kan òg delta i undervisninga. Sidan hovudtema i KP DAG2 er identitet og seksualitet, er det òg naturleg å tenke at SKOK kunne bidra i planlegging og gjennomføring av emnet. Det kunne også vore ein idé å kople på Medisinernes seksualopplysning (MSO) i Bergen. Desse forslaga må konkretiserast i det vidare arbeidet med planlegginga.»

3. Emneplan for langpraksis 1 og 2

I møte 7. desember kom det innspel om å synleggjere at undervegsvurdering er eit delt ansvar mellom UiB og skulen, og at praksisbesøk var ein del av denne undervegsvurderinga.

Formulering frå 07.12.23:

Vurderingsformer

Praksis

Studentar som får ikkje bestått på emnet har høve til å ta emnet på nytt éin gong til.

Undervegsvurdering og sluttvurdering av praksis

Undervegsvurdering blir gjennomført av pedagogar og fagdidaktikarar frå Universitetet i Bergen i samband med praksisbesøk på skulane. Studentar har normalt to praksisbesøk per praksisperiode. Besøka vert vurdert til godkjent eller ikkje godkjent. Dersom eit praksisbesøk ikkje blir godkjent, blir det normalt sett opp eit tredje besøk.

Sluttvurdering: Praksisskulane sender forslag til sluttvurdering etter at praksis er gjennomført.

Bestått praksis: Dersom begge praksisbesøka er godkjende og skulen foreslår greidd praksisperiode, så gir det bestått som samla vurdering.

Ikkje bestått praksis: Dersom alle praksisbesøka er vurdert som ikkje godkjende, og skulen foreslår ikkje godkjent praksisperiode, så gir det ikkje bestått som samla vurdering.

Tvil om bestått praksis: Dersom det ved avslutta praksis er tvil om sluttvurderinga, skal det haldast eit sluttvurderingsmøte. Føremålet med møtet er å vedta om praksis er bestått eller ikkje bestått. Nærmare spesifikasjonar for vurdering av praksis finst i praksisreglementet for lektorutdanninga ved UiB.

Framlegg til revidert formulering:

Vurderingsformer

Praksis

Studentar som får ikkje greidd på emnet har høve til å ta emnet på nytt éin gong til.

Praksisbesøk og sluttvurdering av praksis

Praksisbesøk blir gjennomført av pedagogar og fagdidaktikarar frå Universitetet i Bergen. Studentar har normalt to praksisbesøk per praksisperiode. Besøka vert vurdert til godkjent eller ikkje godkjent. Dersom eit praksisbesøk ikkje blir godkjent, blir det normalt sett opp eit tredje besøk.

Sluttvurdering: Praksisrettleiar gir løpande tilbakemeldingar til studenten i praksisperioden, og sender forslag til sluttvurdering etter at praksis er gjennomført.

Bestått praksis: Grunnlaget for å få bestått praksis er at begge praksisbesøka er godkjende, at skulen foreslår bestått som sluttvurdering, og at alle obligatoriske undervisningsaktiviteter er godkjende.

Ikkje bestått praksis: Dersom alle praksisbesøka er vurdert som ikkje godkjende, og skulen foreslår ikkje bestått i sluttvurderinga, så gir det ikkje bestått som samla vurdering.

Tvil om greidd praksis: Dersom det ved avslutta praksis er tvil om sluttvurderinga, skal det haldast eit sluttvurderingsmøte. Føremålet med møtet er å vedta om praksis er bestått eller ikkje bestått. Nærare spesifikasjonar for vurdering av praksis finst i praksisreglementet for lektorutdanninga ved UiB.

4. Det må lagast eigne emneplanar for KP5 og KP8 for MN.

Lektorsenteret har vore i dialog med MN om desse dagane (sak 2022/2420, jp. 25) og har fått tilsendt framlegg til emneplanar KPDAG5 og KPDAG8 for MN (sjå vedlegg 2). Framlegga er godkjende av fakultetet sitt lektorutdanningsutval.

5. Lektorsenteret lagar ei totaloversikt over plassering av KP-dagane i studieløpet.

Det blir sendt ut brev til fakulteta med ei samla oversikt over plasseringa av KP-dagane og framlegg til plassering i semesteret, etter vedtak i denne saka, slik at også KPDAG1 og KPDAG2 er ferdige. Arbeidet med plassering av dagane i semestera (timeplanlegginga av dagane) skjer i samband med semesterplanen for lektorutdanninga og vil bli følgt opp i LUA-nettverket¹.

6. Notat om utgifter knytt til drift og gjennomføring av kampuspraksisdagar

Notat om ressursar og kostnader ved kampuspraksisdager er lagt ved i saka og kan leggje grunnlaget for utviklinga av kampuspraksisdagane framover (sjå vedlegg 3).

Lektorsenteret vil ta initiativet til ein samla prosess for utviklinga av KP-dagane og vil planleggje for ei felles sak om KP-dagane i programstyret til hausten. Programstyret bør få råd frå praksisutvalet om organisering av dagane.

Fakultet og institutt som har fått ansvar for dei ulike kampuspraksisdagane vil bli bedne om å utarbeide planar for innhald og organisering av dagane som synleggjer bruk av høvesvis interne undervisningsressursar og kostnadsoverslag for bruk av eksterne ressursar. Planane må sendast lektorsenteret innan 30.august, inklusive eit overslag over ressursbehov og budsjett.

Praksisutvalet bør drøfte og gi råd til programstyret om det faglege innhaldet i dagane, medan styringsgruppa må vurdere implikasjonar for praksisbudsjettet og undervisningsressursar i fagmiljøa.

KPDAG1 og KPDAG2 skal gjennomførast i veke 2 i 2025 og må timeplanleggjast i september/oktober 2024 (innan 15. oktober).

7. Lektorsenteret lyser ut såkornmidlar til utvikling av kampuspraksisdagar

Lektorsenteret har lyst ut såkornmidlar for å styrkje praksis og partnerskap i lektorutdanninga, med søknadsfrist 15. mai, sak 2024/3636. Søknader om utvikling av kampuspraksisdagar er eitt av dei prioriterte områda i denne utlysinga.

Synleggjering av fagleg ansvar for realisering av kampuspraksisdagar

I emneplanane som var vart handsama 7.12.23 var det berre det overordna ansvaret til felles programstyre som var nemnd under rubrikken "emneansvarleg" i emneplanane. Her må det leggjast til kva fakultet eller institutt som har emneansvaret for dagen/emnet slik at dette er synleg for

¹ Lærerutdanningsadministrasjonen (LUA)

studentar, tilsette og andre. Sjå vedlagde emnerapportar for kampuspraksisdagane, der rubrikken “emneansvar” er redigert i tråd med vedtaket om ansvarsdeling for kampuspraksisdagane frå 7.12.23 (sjå vedlegg 4).

Framlegg til vedtak

1. Felles programstyre tar punktet til orientering.
 2. Felles programstyre vedtek framlegg til revidert tittel og emneplan for KPDAG2.
 3. Felles programstyre vedtek framlegg til revidert formulering under *vurderingsformer* i emneplanar for langpraksis 1 og langpraksis 2.
 4. Felles programstyre vedtar emneplanane for KPDAG5 og KPDAG8 for MN
 5. Felles programstyre tar punktet til orientering.
 6. Felles programstyre støttar framlegget til budsjettramme og vidare arbeid med utvikling av KP-dagane
 7. Felles programstyre tar punktet til orientering.
- Felles programstyre tar punktet vedr. *synleggjering av fagleg ansvar for realisering av kampuspraksisdagar* til orientering.

Sak 14/24 **Universitetskuleavtalar**
Notat frå lektorsenteret

Vedtakssak

Notat

Til: Felles programstyre for lektorutdanninga
Møte: 21. mars 2024

ephorte: 24/30

Bakgrunn

Styringsgruppa for lektorutdanning gav i sak 16/22 lektorsenteret fagleg-administrativt ansvar for å forvalte *universitetsskuleavtalane* til UiB. I den samanhengen ønskte styringsgruppa at det vart sett i gang ein prosess for å knyte universitetsskuleordninga meir systematisk til den eksisterande partnerskuleordninga. Sidan det i 2022 ikkje eksisterte partnerskuleavtalar, vart saksgangen at slike avtalar først måtte bli etablerte. Nye partnerskuleavtalar vart effektuerte i 2023 med namnet «partnerskuleavtale for praksis».

Praksisutvalet har blitt bede om å gi råd til programstyret om korleis lektorsenteret skal arbeide vidare med spørsmålet om universitetsskular. I det vedlagte dokumentet «Saksforelegg til felles programstyre og vidare universitetsskole-samarbeid» uttrykkjer fagleg praksiskoordinator vurderingar og tilrådingar frå praksisutvalet om saka.

Programstyret blir invitert til å gi innspel til innhald og prosess i arbeidet med å lage nye universitetsskuleavtalar.

Bakgrunnsdokument

Ved sida av det vedlagte dokumentet «Saksforelegg til felles programstyre om vidare universitetsskolesamarbeid» er desse dokumenta særleg relevante for saka:

- Eksisterande universitetsskuleavtalar
- Avtalar om partnerskular
- Styringsgruppa si behandling av saka, [sak 16/22](#), [sak 23/22](#)
- Praksisutvalet si behandling av saka, [sak 02/22](#), [sak 06/22](#), [sak 14/22](#), [sak 02/23](#), [sak 10/23](#), [sak 02/24](#)

Eksisterande partnerskuleavtalar og universitetsskuleavtalar

UiB har partnerskuleavtalar med følgjande skular:

Amalie Skram videregående skole	Askøy videregående skole	Bergen private gymnas
Arna videregående skole	Bergen katedralskole	Blokkhaugen skole
Danielsen videregående skole	Nattland skole	Rå skole
Fjell ungdomsskule	Nordahl Grieg videregående skole	Sandgotna skole

Fyllingsdalen videregående skole	Nore Neset ungdomsskule	Sandsli videregående skole
Gimle skole	Olsvik skole	Slåtthaug skole
Holen skole	Olsvikåsen videregående skole	Slåtthaug videregående skole
Kjøkkelvik	Os gymnas	Sotra vidaregåande skule
Kleppestø ungdomsskule	Os ungdomsskule	St. Paul gymnas
Knarvik ungdomsskule	Os vidaregåande skule	Stend vidaregåande skule
Knarvik vidaregåande skule	Osterøy ungdomsskule	Storetveit skole
Laksevåg og Bergen maritime vidaregåande skole	Osterøy vidaregåande skule	Tertnes vidaregåande skole
Langhaugen vidaregåande skole	Rosslund skule	Tranevågen ungdomsskule
Metis vidaregåande skole	Rothaugen skole	Ytrebygda skole
Årstad vidaregåande skole	Åsane vidaregåande skole	

UiB har vidare universitetsskuleavtalar med følgjande skular:

- Amalie Skram vgs. (frå 2015)
- St Paul gymnas (2016)
- Nordahl Grieg vgs (2017)
- Bergen katedralskole (2020)

I universitetsskuleavtale er det presisert at skulane også skal ha partnarskuleavtale med UiB, og ta imot lektorstudentar i praksis. Såleis er partnarskuleavtale ein føresetnad for å bli universitetsskule.

Samtidig er det andre kriterium i universitetsskuleavtalane. For det første skal det vere ein forpliktande avtale mellom universitetsskulen og minst to av fakulteta ved UiB. For det andre skal det vere eit forpliktande samarbeid innanfor minst tre av dei skisserte område i punkt A–F i avtalen. Desse kriteria stod sentralt i måten UiB i si tid formulerte universitetsskulesamarbeidet på, fordi UiB ønskte å setje fokus på skulene som generell samarbeidsarena for heile UiB. Ved dei andre universiteta var det lærarutdanninga som stod i sentrum.

I «Saksfremlegg til felles programstyre og vidare universitetsskolesamarbeid» finn vi ein gjennomgang av erfaringar som er gjorde med det eksisterande samarbeidet.

Tilrådingar frå praksisutvalet

Generelt støttar praksisutvalet ønsket om eit sterkare samarbeid mellom UiB og eit utval skular enn det som er tilfellet i dag. Det tilseier eit meir spissa universitetsskulesamarbeid der målet er å styrkje lektorutdanninga ved UiB. I «Saksfremlegg til felles programstyre og vidare universitetsskolesamarbeid» kjem praksisutvalet med tilrådingar om kva som skal til for å nå det overordna målet gjennom eit universitetsskulesamarbeid:

- Nye typar universitetsskuleavtalar og ikkje berre prolongering av dagens avtalar.
- «Universitetssykehusmodellen»:² Universitetsskular blir øvingsskular/foregangsskule og arena for utviklingsarbeid, innovasjon og forskning med nye strukturar på skuleeigarsida.
- Breidde og heterogenitet i utval av skular
- Avgrensa tal: Frå 4 til 6 eller 8 skular
- Konkrete og tidsavgrensa innhald i avtalane
- Ny utlysing med klare kriterium
- Forankring på leiarnivå
- Ressursbehov blir kartlagt og forankra i styringsgruppa

For utdjujingar av tilrådingane blir det vist til utgreiinga frå praksisutvalet, som er limt inn i det samla saksdokumentet.

Tilrådingane frå praksisutvalet samsvarar med fleire tidlegare innspel i saka, bl.a. i styringsgruppa. Det indikerer konsensus om overordna intensjonar og idéar. I styringsgruppesak 16/22 var det bl.a. vist til at både vidaregåande skular og ungdomsskular av ulikt slag burde kunne bli universitetsskular, og det var ønske om ein søknadsprosess basert på visse kriterium. Det var vidare vist til ein intensjon om å utforme ein strategisk handlingsplan for partnerskap med praksisfeltet, og at innhald i og omfang av universitetsskular skulle sjåast i høve til partnerskular.

Praksisutvalet har innspel til konkrete tiltak for å oppnå «et mer spisset universitetsskolesamarbeid i et mer forpliktende partnerskap». Desse innspela gjeld både for skulane og UiB og er sett opp i tabellen nedanfor:

Universitetsskulen sine plikter	UiB sine plikter
Skolen påtar seg å motta en større andel studenter i praksis fra UiB.	UiB tilbyr skolebasert veilederutdanning. Dette kan vært mindre moduler, eksempelvis 5 studiepoeng.
Skolen har en særskilt rolle inn i kampuspraksisdagene sammen med UiB.	UiB forplikter seg til å bringe forskningsresultater tilbake til skolene.
Skolen har et særskilt ansvar for å tilrettelegge for forskning med relevans for skoleutvikling og lektorutdanningen.	UiB har et særlig ansvar for å innlemme den offentlige PhD kandidaten i relevante forskningsmiljøer ved UiB.
Skolen er motivert til å være med på innovasjon og utprøving sammen med UiB, som f.eks skoleovertakelser og andre innovasjonsprosjekter sammen med universitetet.	UiB arrangerer halvårlige møter for oppdatering og oppfølging av samarbeidet med skolene både som gruppe og som enkeltskole.
Skolen har en ambisjon om å legge til rette for 1 offentlige PhD med særskilt relevans for skolene og lektorutdanningen.	

² Det kan diskuteras om nemninga «sykehusmodell» er dekkjande for å få fram dei intensjonane som er knytt til samarbeidet med universitetsskular. Når helseutdanningar har praksis ved sjukehus, er det andre vilkår knytte til bl.a. finansiering og oppfølging.

Det er vidare vist til at UiB skal tilby etter- og vidareutdanning til skulane.

I gruppearbeidet som praksisutvalet har gjort, kjem det fram idéar om fleire tiltak knytte til innhald, rammer, kriterium for utval og prosess. (Her blir det vist til utgreiinga frå praksisutvalet.)

Når det gjeld kriterium for utval av universitetsskular, antydar praksisutvalet både prinsipielle og praktiske moment, bl.a. at det skal vere lett tilkomst frå UiB, at skulen må vere stor nok, at det er interesse og motivasjon ved skulen, at det er eit visst mangfald i elevmassen etc. Ønsket om ungdomsskular i tillegg til vidaregåande er det òg peikt på. Det blir vist til eit tal på 6–8 universitetsskular, og også peikt på konkrete skular som kan vere aktuelle, ved sida av dei eksisterande skulane.

Drift og ressursar

Praksisutvalet påpeikar at det må vere realistiske forventingar til universitetsskulesamarbeidet i høve til ressursar, at samarbeidet må vere konkret og systematisk.

Ved NTNU er det to heile stillingar knytt til [universitetsskulesamarbeidet ved ILU](#), i tillegg til 5% kommunikasjonsrådgivarfunksjon ved ILU. Dessutan er det 25% stilling ved kvar av skulane som universitetsskulekoordinator. Som suksessfaktorar trekkjer NTNU fram følgjande:

- At det er tilstrekkelig med ressursar til ledelse og samarbeid.
- At møtedeltakelsen er god i alle styringsorganer.
- At lederne av styringsorganene også har formelle lederroller.
- At studentrepresentantene spiller en aktiv rolle i styringsorganene.

Ved UiO og UiT er ressursar lagt til universitetsskulesamarbeidet gjennom *Senter for fremragende lærerutdanning*, Proted, og samarbeidet inngår òg som eit prosjekt tilknytt senteret.

Ut frå dei erfaringane som ein finn her og andre stader, må det poengterast at eit forpliktande universitetsskulesamarbeid òg vil krevje ressursar. Spørsmålet blir så kva slags ressursar UiB faktisk har for dette føremålet, og kva for ressursbehov som trengst for å oppnå dei intensjonane til universitetsskulesamarbeid som blir uttrykte bl.a. frå praksisutvalet og tidlegare frå styringsgruppa.

Praksiskoordinering vil bli handtert av praksiskontoret som i dag, og fagleg kontakt med praksisskulane vil bli handtert av fagleg praksiskoordinator. Det kan òg vere eit handlingsrom i eksisterande ressursar ved UiB som heilskap. Den kontinuerlege drifta av meir ambisiøse tiltak må ein derimot gå ut frå ikkje er mogleg å få til innanfor dei eksisterande ressursrammene. Det betyr i så fall at det må til ekstra ressursar.

Kva som vil vere det faktiske ressursbehovet, vil så vere avhengig av ambisjonsnivå og kva slags tiltak som ein ønskjer å setje i gang. Samtidig er val av tiltak avhengig av kva slags ressursar ein har tilgjengeleg. Behov og ressursar står såleis i symbiose med kvarandre.

Eit aktuelt ressursgrunnlag ligg i dei såkalla partnarskapsmidlane som lektorutdanninga ved UiB får tildelt frå HK-dir. Omfanget av desse midlane er samtidig ikkje så stort, og dekkjer òg andre behov enn dei som er knytte til universitetsskular. Midlane er elles basert på historiske tildelingar slik at UiB kjem relativt dårleg ut samanlikna med lærarutdanningsinstitusjonar elles i landet. Eit anna mogleg ressursgrunnlag kan liggje i eventuelle prosjektmidlar.

Vi må elles ha som føresetnad at òg skuleeigarar går inn med midlar i eit forplikande universitetsskulesamarbeid, sidan dette skal vere eit gjensidig forhold. Ressursspørsmål kan òg vurderast i høve til etablering av nye ordningar, t.d. kan ei eventuell hospiteringsordning ved skular eller universitet kanskje fungere som ressursutveksling.

Innhald i universitetsskuleavtalar: behovsanalyse

Som utgreiinga ovanfor viser, er det å få klarlagt ressursgrunnlaget for universitetsskularbeidet nødvendig. Det føreset i sin tur ei behovsavklaring, dvs. at vi får formulert nokre intensjonar, premissar og moglege konkrete tiltak for det vidare universitetsskulesamarbeidet. Kva er det vi treng for å styrkje praksis? Kva er det vi ønskjer med universitetsskulane? På kva måte er det dei kan bidra til å styrkje lektorutdanninga og praksis på ein måte som andre typar avtalar ikkje gjer i tilstrekkeleg grad?

Det vil i den samanhengen vere relevant å tydeleggjere frå UiB si side om ein skal stille krav eller intensjonar om visse typar kompetanse. Aktuelle variablar som har vore nemnt tidlegare:

- Krav om å ta rettleiarutdanning for rettleiarar ved universitetsskular, eller berre tilbod om rettleiarutdanning?
- Krav eller ønske om mastergrad i faget for rettleiarar i større skulefag som matematikk, norsk og engelsk?
- Gjensidig hospiteringsordning, dvs. at lærarar kan hospitere ved UiB og UiB-tilsette kan hospitere ved skular (jf. [ordning ved NTNU](#))?
- Skal universitetsskular få særordning i EVU-tiltak og FOU-prosjekt?
- Kva slags rolle skal universitetsskular spele i høve til andre praksisskular når det gjeld kompetanse- og kunnskapsutvikling?
- Eventuell samordning mellom sentral universitetsskuleavtale og lokale avtalar mellom einskildfakultet eller fagmiljø med universitetsskulen.

Det bør vidare presiserast kva som er tiltak for å styrkje lektorutdanninga innanfor eksisterande strukturar, og kva som er tiltak som vil utfordre desse strukturane. Tilbod om rettleiarutdanning, EVU-kurs, fou-prosjekt er døme på tiltak innanfor strukturane. Å flytte fagdidaktikkundervisning til skulane vil vere å utfordre strukturane. Det same er tilfellet dersom ein ønskjer å etablere kampusbasert praksis utanfor kampus. I eit slikt tilfelle vil ein utfordre andre typar føringar (jf. Redesignprosjektet). Her må framlegg om ulike tiltak vurderast etter ulike premissar.

Proessen

Praksisutvalet formulerer ulike alternativ til prosess for utval av universitetsskular:

- Å ta utgangspunkt i eksisterande universitetsskular og supplere med nye universitetsskular
- Å ha ei mest mogleg open utlysing basert på tydelege kriterium
- Å peike ut aktuelle universitetsskular sjølv, med eller utan tydelege kriterium eller godkjenningssprosess
- Å kombinere ulike framgangsmåtar

Å ha ei heilt open utlysing om universitetsskular framstår som den mest *rettferdige* framgangsmåten, og kan bidra til å fremje kvalitetsutvikling ved fleire skular. Ei slik utlysing kan samtidig bidra til å

fremje negativt konkurransefokus i og overfor partnarskulane. Vi må i den samanhengen vurdere kva UiB har å tene på og tape på i ein slik prosess, og kva UiB ser på som mest føremålstenleg totalt sett.

Eit anna spørsmål er korleis prosessen skal vere ved UiB internt framover. Praksisutvalet peikar på forankring i styringsgruppa. Det vil vere naturleg, både av økonomiske og strukturelle årsaker. Før spørsmålet kjem til styringsgruppa må saka saka likevel bli utgreidd i tilstrekkeleg grad, ved lektorsenteret, i praksisutvalet og gjennom programstyret. Det er difor behov for avklaringar som gjeld innhald, form, ambisjonsnivå, utvalsprosessar og ressursbehov.

Framlegg til vedtak

Programstyret stiller seg bak arbeidet for å lage nye universitetsskuleavtalar. Lektorsenteret følgjer opp saka med grunnlag i saksframlegget og dei innspela som kom fram på møtet.

Det er besluttet at lektorsenteret skal overta eksisterende universitetsskoleavtaler. Praksisutvalget har blitt bedt om å gi råd til felles programstyre om hvordan dette skal følges opp. I regi av faglig praksiskoordinator ved lektorsenteret er det gjort en gjennomgang av de eksisterende avtalene. Funnene fra denne gjennomgangen ble diskutert i praksisutvalget den 28. november 2023. På møtet i praksisutvalget den 23. januar 2024 ble saken diskutert i mer detalj i forhold til innhold, kriterier, prosess og struktur.

I dette saksfremlegget til programstyret oppsummeres anbefalingene fra praksisutvalget. Gjennomgangen og erfaringer knyttet til eksisterende avtaler finnes i vedlegg 1, mens en oppsummering fra praksisutvalgets gruppearbeid i januar finnes i vedlegg 2.

Hovedanbefalingene fra praksisutvalget er som følger:

- *Behov for nytenkning rundt universitetsskolesamarbeidet:*
Praksisutvalget ser verdien av å ha universitetsskoleavtaler, men det er behov for nytenkning. Nå som lektorsenteret har overtatt ansvaret for universitetsskolene har vi to hovedalternativ: 1) prolongering av dagens avtaler, dersom skolene ønsker det (men endrer avtalesignaturer); eller; 2) ny utlysning/nyrekruttering som gir muligheter til å tenke nytt blant annet når det gjelder innhold, men også i forhold til bredde av skoler og skoleslag. Praksisutvalget mener at alternativ 1 ikke er godt nok og ønsker at det jobbes videre med alternativ 2.
- *«Sykehusmodellen»: Universitetsskolene som foregangsskoler/øvingsskoler hvor hovedmålet er å styrke UiB sin lektorutdanning og dermed også fremtidens skoler:*
Nåværende avtaler har et svært bredt mandat og er ikke særskilt rettet inn mot lektorutdanningen. Praksisutvalgets anbefaling er at det overordnede målet med de nye avtalene uttrykkes eksplisitt og spisses: en lektorutdanning av høy kvalitet. Dette må skape sammen med universitetsskolene, som har et hovedansvar som lektorutdannere i praksis. Det anbefales at det legges opp til en «sykehusmodell», hvor universitetsskolene blir øvingsskoler/foregangsskoler. Det må sikres at samarbeidet aktivt bidrar til å styrke UiB sin lektorutdanning. Samtidig må det settes opp strukturer på skoleeiersiden som sikrer at ny kunnskap og innovasjon også kommer andre skoler til gode, slik at man totalt sett får en bedre lektorutdanning på kampus og i praksis.
- *Større heterogenitet blant universitetsskolene:*
Det anbefales en større bredde i utvalget av universitetsskoler. Ettersom forskning og utviklingsarbeid er en naturlig del av et slikt samarbeid er det viktig at skolene ikke er altfor like med tanke på elevsammensetning og studieretninger. Det anbefales videre at også noen ungdomsskoler får status som universitetsskoler, ettersom halvparten av lektorutdanningens praksisopplæring foregår der.

- *Innholdet i avtalene bør være konkrete, tidsbegrenset og evalueres i etterkant:*
Innholdet i avtalene bør være tydelig. Eksempel på innhold i de nye avtalene kan være: 1) skolene bidrar inn i kampuspraksisdagene, som skal være praksis, for å sikre relevans og praksisnærhet; 2) UiB tilbyr veilederutdanning, gjerne i mindre moduler (f.eks. 5 studiepoeng) til veiledere/mulige veiledere ved skolene. Å tilby mindre moduler som gjennomføres ved universitetsskolene kan bidra til at flere tar veilederutdanning; 3) UiB tilbyr etter- og videreutdanning til lærere ved skolene; 4) samarbeidet bidrar til forskning og innovasjon i forhold til skolerrelevante problemstillinger; 5) universitetsskolene, sett i forhold til skolens størrelse, forplikter seg til å ta imot et relativt stort antall praksisstudenter i avtaleperioden.

Innholdet i avtalene kan variere noe mellom skolene. Avtalene bør være tidsbegrensete (f.eks. 5 år) og evalueres i etterkant, før avtalene eventuelt prolongeres til en ny fase.

- *Ny utlysning med klare kriterier:*
Praksisutvalget anbefaler at det foretas en ny utlysning, og at det settes noen klare kriterier for å bli universitetsskole. Skolene trenger ikke nødvendigvis å oppfylle kriteriene ved avtaleinngåelse, men de må forplikte seg til å møte kriteriene i løpet av avtaleperioden. UiB må likeledes forplikte seg til å oppfylle sin del av avtalen. Det er viktig at universitetsskoleprosessen gjøres kjent tidlig, slik at skolene har tid til å forberede en søknad hvor de beskriver hvordan de skal møte kvalitetskriteriene i løpet av avtaleperioden, samt hvordan kvalitet også kan sikres i fremtiden.
- *Et knippe fremifra lektorutdanningsskoler:*
Sluttmålet bør være at universitetsskolene har noen kvaliteter som skiller seg fra «ordinære» skoler, eksempelvis ved at de deltar i utviklingsprosjekter, organiserer praksis på en særlig god måte, mottar et relativt høyt antall praksisstudenter, har et høyt antall veilederutdannede praksisveiledere, har lærere som har tatt videreutdanning og som er oppdatert på pedagogikk og didaktikk. For praksisutvalget er det viktig at «merkevaren» UiB ikke blir levert ut til skoler som bare ønsker seg en avtale. Det må være en forutsetning at skolene forplikter seg til å jobbe systematisk for økt kvalitet på de områdene som inngår i avtaleteksten. Det er derfor viktig å utarbeide retningslinjer og kriterier for hvordan samarbeidet kan dokumenteres og evalueres. Det må sikres at skolene jobber med kvalitet, samt at kvalitetsarbeidet vedvarer over tid.

Når det gjelder antallet universitetsskoler har ikke praksisutvalget landet på en spesifikk anbefaling, men antallet må naturlig nok være begrenset om man skal ha muligheter til å følge opp samarbeidet. Om ordningen utvides til også å gjelde ungdomsskoler bør man trolig utvide fra dagens 4 til 6 eller 8 skoler totalt.

- *Nye universitetsskolesamarbeid bør forankres på ledelsesnivå:*
For at denne typen avtaler skal ha nødvendig legitimitet og pondus er det viktig at samarbeidet forankres hos skoleeierne og hos styringsgruppen på UiB. Skoleeierne må involveres tidlig i prosessen. Dersom et slikt samarbeid faktisk skal bidra til økt kvalitet i lektorutdanningen fordrer det at avtalene driftes og har tilstrekkelig med ressurser.

- *Praksisutvalget ber programstyret om å følge opp saken i styringsgruppen for å gi retning og klarere rammer:*

Praksisutvalget ser åpenbare verdier av levende universitetsskoleavtaler, men praksisutvalgets anbefaling er at felles programstyre følger opp saken og tar den videre til styringsgruppen. For at nye universitetsskoleavtaler skal bli et løft for lektorutdanningen, mener praksisutvalget at det er en forutsetning at det settes av ressurser til drift og koordinering av samarbeidet. Det er derfor viktig at ressursbehov kartlegges. Før praksisutvalget kan jobbe videre med saken må det gis noen flere konkrete føringer i forhold til veien videre.

I vedlegg 1 til dette saksfremlegget oppsummeres kort erfaringene med dagens universitetsskoleavtaler og to alternative modeller skisseres. I vedlegg 2 sammenfattes gruppearbeidet i praksisutvalget i januar.

Vedlegg 1:

Nye universitetsskoleavtaler: Hvordan skal de se ut og veien videre – tentative forslag til modeller UiB har nå gått fra tre til to avtaletyper med skolene: 1) partnerskapsavtale for praksis; og 2) universitetsskoleavtale. Den nye avtaletypen, «partnerskapsavtale for praksis», ble utformet i desember 2022, og de første avtalene ble signert i 2023. Det er nå undertegnet mellom 30 og 40 slike avtaler. Den nye «partnerskoleavtale for praksis» er primært en praksisavtale, men med muligheter for utvidet samarbeid etter ønske og kapasitet hos partene.

De siste «partnerskoleavtalene» gikk ut i 2020. Før 2020 hadde man tre avtalenivåer: 1) praksisavtaler, som kun gjaldt praksissamarbeid; 2) partnerskoleavtaler, som var knyttet til lektorutdanningen og som i utgangspunktet var et litt bredere samarbeid mellom lektorutdanningen og skolene, dog sentrert rundt praksisopplæringen; og 3) universitetsskoleavtaler, som var mer eksklusive. Å inneha en partnerskoleavtale var i utgangspunktet et av kriteriene for å oppnå universitetsskolestatus.

Universitetsskoleavtalene er utformet som overordnede avtaler mellom UiB og skolene og omfatter samarbeid som går langt utover lektorutdanningen. Avtalene omhandler samarbeid mellom UiB og skolene mer generelt, hvor lektorutdanningen kun utgjør ett av elementene. Da universitetsavtalene i sin tid ble inngått ble de lagt til rektoratet og undertegnet av rektor. I forbindelse med opprettelsen av lektorsenteret ble det besluttet å overføre dagens universitetsskoleavtaler til lektorsenteret. Det er dette arbeidet som nå skal slutføres.

Det må derfor tas stilling til om dagens avtaler og samarbeid skal prolongeres. En mulighet er å overføre avtalene i sin nåværende form til lektorsenteret, dersom skolene er interessert, men innhente nye signaturer fra de nye avtalepartene. En annen mulighet er å tenke nytt om universitetsskolesamarbeid. En rekke spørsmål må da avklares knyttet til innhold, antall, drift etc. I tillegg må det enes om hvorvidt man skal lyse ut eller om man skal gå i dialog med enkeltskoler. Kriterier og prosess må også vedtas.

Før man tar stilling til et eventuelt nytt innhold i nye universitetsskoleavtaler, synes det fornuftig med en liten gjennomgang av erfaringene med dagens universitetsskoleavtaler. Det er ikke gjort noen evaluering av dette samarbeidet tidligere. Den eneste evalueringen som er gjennomført av en mer

omfattende karakter, når det gjelder skole- og universitetssamarbeid ved egen institusjon, synes å være evalueringen av den første piloteringsfasen av partnerskolesamarbeidet som fant sted i perioden 2007-2010.

I dette saksfremlegget er det ikke mulighet til å gå i detalj om gjennomgangen av dagens universitetsskoleavtaler, men noen av funnene vil bli oppsummert. Med god assistanse særlig fra Hilde Elise Lundervold har vi intervjuet representanter fra skoleledelsene ved alle universitetsskolene. Vi har også snakket med det tidligere rektoratet, samt representanter fra de fire fakultetene ved UiB, som er knyttet til lektorutdanningen. Til sammen er det gjennomført intervjuer med ca. 15 personer som har vært involvert i universitetsskolesamarbeidet. Samtlige informanter ble spurt om sine erfaringer med samarbeidet. De ble også bedt om å dele sine refleksjoner om potensialet for fremtidig universitetsskolesamarbeid. Til inspirasjon og mulig lærdom har vi også gjennomført intervjuer med ansatte ved UiO og NTNU som har vært involvert i deres respektive universitetsskolesamarbeid. Videre har vi intervjuet representanter fra noen av UiOs og NTNUs samarbeidsskoler, henholdsvis Kuben vgs i Oslo og Charlottenlund vgs i Trondheim. I tillegg har vi lett i universitetets arkivsystem for å fremskaffe dokumentasjon rundt UiB sine samarbeid. Dette notatet gir en kortfattet versjon av funnene. Vi tenker at dette kan gi viktig bakgrunnsinformasjon og kontekst, når nye universitetsskolesamarbeid skal utformes og/eller videreføres.

Universitetsskolesamarbeid

UiB har per i dag fire universitetsskoleavtaler med følgende skoler: Amalie Skram vgs inngått i 2015, St Paul gymnas inngått i 2016, Nordahl Grieg vgs inngått i 2017 og Bergen katedralskole inngått i 2020. De tre førstnevnte avtalene er gyldige frem til en av partene terminerer avtalen. Sistnevnte avtale er tidsbegrenset og gyldig frem til august 2025. I denne avtalen er også skoleeier en part. Skoleeier er ikke en part i de tre andre avtalene.

De første universitetsskoleavtalene var initiert fra rektoratet ut ifra et ønske om et bredt samarbeid med flere videregående skoler. Som nevnt var ikke dette utelukkende og ei heller primært knyttet til lektorutdanningen. Rektoratets initiativ kan sannsynligvis sees i sammenheng med de daværende føringene gitt fra nasjonale myndigheter om økt samarbeid mellom universitetet og skolene. Universitetsskolesamarbeid var også en del av det nye rektoratets strategi ved UiB.

Rektoratets initiativ utløste imidlertid en intern diskusjon ved UiB om hvorvidt universitetsskolene skulle erstatte de daværende partnerskoleavtalene. Om man skulle ha to avtaletyper, ble det diskutert hva som eventuelt skulle være hovedforskjellene mellom dem. Det ble besluttet å innføre en ny avtalekategori, men man beholdt partnerskoleavtalene. Det ambisiøse partnerskolearbeidet knyttet til lektorutdanningen «fislet ut» imidlertid ut etter hvert som finansieringen tørket inn. Partnerskolene ble etter hvert i realiteten kun praksisskoler.

Målet med universitetsskoleavtalene var primært å stimulere til samarbeid med skolene om forskning, rekruttering av nye studenter, men de skulle også i noen grad bidra inn i kvalitetshevingsarbeidet i praksisopplæringen knyttet lærerutdanningen. Skolene på sin side ønsket å kunne tilby særlig flinke og interesserte elever kurs ved UiB. De ønsket også å få skolebesøk av fagpersoner fra UiB. De tre første avtalene, som er likelydende har et særlig søkelys på samarbeid rundt elevene og deres faglige utvikling.

Avtalen med Bergen Katedralskole fra 2020 har en noe annen utforming. Denne avtalen ser ut til å være inspirert av UiO sine universitetsskoleavtaler, hvor dette med partnerskap, likeverdighet og gjensidighet er tydeligere vektlagt. Dette er trolig også et resultat av føringer gitt i sentrale styringsdokumenter, Lærerutdanning 2025 og St. meld. 21 (2016-2017), som det også er referert til i selve avtaleteksten. I denne avtalen er det tydeligere understreket at avtalen skal bidra til kompetanseheving både hos lærere og UiB ansatte. Samarbeidet skal videre bidra til å heve kvaliteten på praksisopplæringen i lektorutdanningen. Det er lagt mer vekt på partnerskap og skolens rolle som lærerutdannere. Denne avtalen tar opp i seg mer av ordlyd og tankegang fra de tidligere partnerskapsavtalene i lektorutdanningen. Som nevnt over, her er også skoleeier en part i avtalen. Det bør legges til at vi i denne omgang ikke har intervjuet skoleeier om deres erfaringer knyttet til samarbeidet. Det synes naturlig å gjøre i forlengelsen av arbeidet med de nye universitetsskoleavtalene.

Universitetsskoleavtalen med Bergen Katedralskole ble inngått samme år som de siste partnerskapsavtalene gikk ut. Partnerskoleavtalene var treårige avtaler eksplisitt knyttet til lektorutdanningen. Ordningen startet i 2007 som en pilot med varighet på tre år og med 12 involverte skoler inndelt i fire nettverk. Det blir for omfattende å gå i detalj her, men i starten hadde man relativt romslig med midler og det var mye aktivitet rundt samarbeidene. I evalueringen av den første piloten understrekes det at ambisjonene trolig likevel var for høye i forhold til hva man realistisk kunne få til (jf. Smith mfl., 2010). Det bør nevnes at man likevel oppnådde mye i den første fasen, f.eks. så fikk man etablert juridiske avtaler med praksisskolene. Det hadde man ikke hatt tidligere. I tillegg ble det gjennomført omfattende veilederskolering av praksisveiledere. I rapporten pekes det på at studentene på partnerskolene synes å være langt mer fornøyde med praksisopplæringen sammenliknet med studentene på ikke-partner skolene (Smith mfl., 2010). I fase to av partnerskolesamarbeidet var finansieringen noe mer begrenset. Samarbeidet var finansiert med interne midler, såkalte PEK-midler. I den siste fasen, perioden 2018-2020, kunne alle skoler som ønsket det bli partnerskoler, i motsetning til tidligere hvor partnerskolestatus var knyttet til en søkeprosess og utvelgelseskriterier.

Etter 2020 har man, som nevnt over, ikke hatt partnerskoleavtaler. I 2022 ble det imidlertid utformet og vedtatt en ny avtalekategori: «Partnerskoleavtaler for praksis». Dette kan beskrives som en litt mindre ambisiøs partnerskoleavtale som har hovedfokus på praksis. I tillegg har vi de fire universitetsskoleavtalene, som er overført til lektorsenteret, om enn ikke juridisk. Men før det skisseres noen alternativer modeller for videre universitetsskolesamarbeid, kan det være nyttig å trekke inn noen erfaringer fra de involverte aktørene i det eksisterende samarbeidet.

[Noen erfaringer fra skole- og universitetssiden samt noen tanker om veien videre](#)

Ledelsen ved alle de fire eksisterende universitetsskolene er fornøyde med å være universitetsskoler. De er alle positive til videre samarbeid med UiB. Noe av det som særlig blir fremhevet er samarbeid omkring undervisning av elever, særlig i realfag. Alle de fire universitetsskolene har erfaring med dette. Skoleledelsene uttrykker ellers tilfredshet med annet samarbeid de har hatt med UiB: Dekomp-samarbeid, samarbeid om praksis, og noen ledere forteller om forskning på skolen. Amalie Skram blir ofte kontakt i forbindelse med forskning, og i noen tilfeller etterlyses det oppfølging og deling av forskningsresultater i etterkant.

Særlig de siste fem årene synes det å ha vært lite organisert samarbeid rundt universitetsskoleavtalene. Ledelsen ved noen av skolene nevner at det ble avholdt samarbeidsmøter de første årene, mens det har vært fraværende de siste årene. Samarbeid om elever og fag har hovedsakelig vært initiert av skolene selv, og samarbeidet har i stor grad vært avhengig av personlige nettverk. Sett fra skolesiden synes universitetsskoleavtalene i stor grad å ha vært «sovende» avtaler. Det samarbeidet skolene har hatt med UiB de siste årene er i realiteten dekket av andre avtaler eller personlige relasjoner. Når det er sagt, så har det vært mye interaksjon mellom partene, men dette har skjedd helt uavhengig av avtalene. Skoleledelsen understreker at de er positive til samarbeid med UiB. Med unntak av en av skolene gis det uttrykk for et ønske om mer omfattende og forpliktende samarbeid med UiB. Skolene har imidlertid ulike ønsker når det gjelder omfang og innhold.

De ansatte ved UiB som vi har snakket med i forbindelse med denne gjennomgangen støtter langt på vei det skolene forteller om sine erfaringer med universitetsskoleavtalene. Samarbeidet som har foregått har i liten grad vært direkte knyttet til avtalene. UiB ansatte forteller at det har vært samarbeid om elever, om praksis, og dekomps, realfagssamarbeid, altså samarbeid som er dekket av andre ordninger enn universitetsskoleavtalene. UiB ansatte er også positive til mer samarbeid med skolene. De nevner samarbeid om temadager/kampuspraksis, forskning på læring og undervisning, bedre praksisopplæring og rekruttering av nye studenter til UiB. De fleste UiB ansatte er positive til videre universitetsskolesamarbeid. Noen vi snakket med uttrykte at de ikke helt så verdien av universitetsskoleavtaler. De ønsker et mer desentralisert samarbeid etter behov. Her er det ulike syn hos UiB ansatte.

Behov for strukturer og klart definert innhold for levedyktige avtaler

Alle skolerepresentantene og de UiB-ansatte mener at en forutsetning for at universitetsskoleavtalene skal bli levende, fordrer gode strukturer rundt avtalene. Flere understreker nødvendigheten av kontaktpersoner på begge sider som holder i og drifter avtalene, samt faste møtepunkter som er klart definert i avtalen. Fra begge sider blir det også understreket at det er viktig at avtalene blir utformet i et reelt samarbeid mellom skolene og UiB, og at hver skole kan påvirke innholdet i sin avtale. Noen UiB-ansatte legger spesielt vekt på at kommende universitetsskoler må få et særskilt ansvar for praksisopplæringen, og at det derfor vil være naturlig også å ha ungdomsskoler med som universitetsskoler ettersom halve praksisopplæringen foregår der.

Det vanskelige partnerskapet

